



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Sosialkonsulent/Rettleiar - 50% fast stilling, intern utlysing

### Stillingsinformasjon

NAV skal gje menneske muligheter og vårt hovedmål er å få fleire i arbeid. Vi ser etter deg med pågangsmot og engasjement som ynskjer meningsfulle og varierte arbeidsoppgåver.

Det er ledig stilling som sosialkonsulent/retteleiar ved NAV Meland i 50%. Deler av stillinga vært knytt opp mot administrativt arbeid ved kontoret mellom anna arkiv, journalføringar, utbetalingar.

### Arbeidsoppgåver

- Sakshandsaming etter lov om sosiale tenester i NAV
- Ha eit særskilt ansvar for sakshandsaming av søknader frå ungdom og rettleiing av ungdom slik at ungdom kjem seg i arbeid/skule.
- Anna sakshandsaming ved kontoret
- Oppfølging og rettleiing til brukarar av kontorets tenester
- Samarbeid med andre instansar.
- Medverka til å utvikla effektive arbeidsprosessar og metodar
- Medverka til resultatoppnåing for kontoret
- Anna arbeid knytt til NAV sine tenester og støtteordningar

### Kvalifikasjonskrav

3-årig høgskule innan sosialfagleg utdanning eller juridisk utdanning.

- God skriftleg og munnleg framstillingsevne
- God på rettleiing
- Gode samarbeidsevner
- God datakunnskap
- Kjenne NAV sine tenester og støtteordningar

Vi ynskjer at du:

- Har erfaring frå liknande arbeid.
- Har god kompetanse på sakshandsaming og har god lovforståing
- Har gode samarbeids- og kommunikasjonsevner
- Har godt humør og kan møte brukaren på ein god måte.
- At du er nøyaktig og fleksibel i forhold til arbeidsoppgåver.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 18.11.2018

Utlyst dato 02.11.2018

Vårref

85/18

### Kontaktperson

Arngunna Haga, Leiar NAV, mobil: 99372098, arngunna.haga@nav.no